



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 07.06.2017

Vår ref.: 2017/6545

Arkivnr.: 323

Forsand kommune
Fossanvegen 380
4110 Forsand

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om mogleg lovlegkontroll av eige tiltak – kommunen sitt vedtak 6.6.2017 i ekstra kommunestyremøte knytt til kommunereforma.

Fylkesmannen vurderer å ta kommunen sitt avvisingsvedtak av 6.6.2017 opp til lovlegkontroll av eige tiltak. Bakgrunnen er at kommunestyret truleg hadde plikt til å ta den aktuelle saka opp til behandling.

Fylkesmannen kan etter kommunelova § 59 nr.5 ta eit kommunalt vedtak opp til lovlegkontroll av eige tiltak. Fylkesmannen er m.a. gjort kjent med saka gjennom media og kommunen sine saksdokument og vi ber derfor kommunen gjere meir detaljert greie for den framgangsmåten som er følgt i den aktuelle saka.

Fylkesmannen forstår saka slik:

8 kommunestyremedlemmar sendte 1.6.2017 følgjande brev til ordføraren:

"I medhald av kommunelova 32 nr. 1 krev desse medlemmane eit ekstraordinært kommunestyremøte tysdag 6. juni kl. 8:30. Medlemmane utgjer meir enn 1/3 av organet og vilkåra er såleis oppfylt.

Vi viser til artikkel i Stavanger Aftenblad onsdag 31. mai kor kommunestyremedlem Paul Løland gjer uttrykk for at han er villig til å sjå på kommunereforma på nytt. Han reiser ein del spørsmål rundt ferjedrift på Høgsfjorden og realisering av tunnelen Espedal-Frafjord.

Kommunelova § 32 nr. 2 seier at innkallinga skal sendast organets medlem med høveleg varsel og innehalde oversikt over kva saker som skal behandlast. Vi ser det som eit "høveleg varsel at kommunestyret blir orientert om møte i dag, fredag. Det er berre ei sak og denne er godt kjent for medlemmane. Dette følger også av Ot. Prp. Nr. 42 (1991-92) s. 284 kor det står "Varslet må avpasses eter organet, saksmengde m.v." og "..vanligvis være tilstrekkelig at medlemmene får innkalling 4-5 dager før møtet".

Vi ber ordførar syte for at innkalling snarast vert sendt ut. Ein kopi av dette brev går også til kommunestyret sine øvrige medlem og dei er såleis allereie kjent med at det vil komme ei innkalling."

Ordføraren si innkalling til kommunestyremøtet hadde følgjande overskrift:

"Kommunereform – krav om ekstra møte".

Fylkesmannen har ikkje motteke protokoll frå det aktuelle møtet 6.7.2017.

Slik vi forstår det avviste eit mindretal i kommunestyret saka med heimel i kommunelova § 34 nr. 1 andre punktum då ein oppfatta det slik at saka ikkje var oppført på sakslista.

Generelt om lovforståinga

Fylkesmannen har følgjande merknader når det gjeld forståinga av kommunelova § 32 nr. 1.

Kommunelova § 32 nr. 1 har slik ordlyd:

«Møte i folkevalgte organer skal holdes på tidspunkter som er vedtatt av organet selv, kommunestyret eller fylkestinget, og ellers når organets leder finner det påkrevd eller minst 1/3 av medlemmene krever dette.»

I forarbeida til kommunelova NOU 1990: 13 heiter det på side 375:

"Har kommunestyret, fylkesting eller minst 1/3 av organets medlemmer forlangt ekstraordinært møte til behandling av en konkret sak, må denne imidlertid selvsagt føres opp på dagsordenen. Av dette følger også at kommunestyret, fylkestinget eller minst 1/3 av medlemmene i stedet kan forlange en bestemt sak oppført på dagsordenen på neste ordinære møte."

Fylkesmannen viser òg til Overå og Bernt, *Kommunelova med kommentarar*, 3. utgåve s. 241 kor dei same synspunkta kjem fram.

Det går såleis fram av forarbeida og juridisk teori at ordføraren i desse tilfella både har plikt til å kalle inn til ekstraordinært møte og til å føre den aktuelle saka opp på dagsordenen. Kommunestyret vil såleis ha plikt til å behandle saka og vil ikkje kunne avvise denne med heimel i kommunelova § 34 nr. 1 andre punktum (men eit fleirtal kan likevel utsetje saka).

Bakgrunnen for at Fylkesmannen vurderer lovlegkontroll

Fylkesmannen ønsker svar på to spørsmål som kan ha betydning for om kommunestyret sitt avvisingsvedtak var lovleg:

1. Er det rett at saka ikkje var ført opp på sakslista? Vi viser til at kravet om eit ekstra kommunestyremøte av 1.6.2017 inneheldt opplysningar om den saka som ein ønskte å ta opp og at alle kommunestyrerepresentantane fekk kopi av dette brevet. Innkallinga inneheldt òg følgjande opplysning: "Kommunereform – krav om ekstra møte".
2. Det synest uansett å vere klart at ordføraren hadde plikt til å føre saka opp på sakslista, og han burde difor om nødvendig tatt skritt for å avklare nærare ordlyd i sakstittelen. Det synest å ha vore liten tvil om kva sak som skulle takast opp på møtet ut frå det framsette kravet.

Var ordføreren kjent med dei krava som lova stiller til innkalling til eit slikt møte, jf. gjennomgangen av lov med forarbeid ovanfor?

Vi ber om snarleg tilbakemelding på dei spørsmåla som saka reiser.

Med helsing

Harald Thune
ass. fylkesmann

Lone Merethe Solheim
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Knut Middelthon
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 09
E-post: fmrokmi@fylkesmannen.no